



Saksnr.  
21/1127

Journalpost  
22/4990

Saksbehandlar  
FRAKNU


Vår dato:  
15.06.2022

## Dispensasjonssak til uttale. Oppføring av basestasjon for mobilkommunikasjon på Gamle Vardehøgde ved Kvislavegen

Technogarden AS søkte den 19.04.2022 på vegne av Telenor Norge AS om å føre opp ein basestasjon for mobilkommunikasjon. Etter dialog med kommunen justerte telenor i e-post 07.06.2022 den omsøkte plasseringa frå Sonjavarden til Gamle Vardehøgde ved Kvislavegen. Tiltaket består av ei 36 meter høg mast og ei hytte for teknisk utstyr, jf. figuren til høgre. Føremålet er å betre mobildekninga og kapasiteten i området. Spesielt området nord for Fiskeløyse har dårleg dekning i dag.

### Plassering

Masta er tenkt plassert ved det høgaste punktet av Kvislavegen, der denne går ned att mot Syndin-vatna.



Postadresse:  
Slidrevegen 16  
2966 Slidre

Telefon:  
61 34 50 00

Direkte til saksbehandlar:  
Knut.Frode.Framstad@vestre-  
slidre.kommune.no

Organisasjonsnummer: 961 382 157  
E-post: post@vestre-slidre.kommune.no  
Internett: www.vestre-slidre.kommune.no




Fig. 1: Oversiktskart rundt Rennefjellet. Omsøkt plassering av tiltaket er markert

Nærare bestemt plassering er Gamle Vardehøgde, ca 35 m aust for Kvislavegen, ca 400 m sørvest for Sonjavarden.



Fig. 2: Kart over Gamle Vardehøgde. Omsøkt plassering av tiltaket er markert. Sonjavarden er markert med «S».

### Vurdering

Tiltaket ligg i areal avsett til LNFR i kommuneplanens arealdel og krev dispensasjon frå planen for å kunne godkjennast.

Om dispensasjon heiter det i plan- og bygningslova § 19-2: «*Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, hensynene i lovens formålsbestemmelse eller nasjonale eller regionale interesser, blir vesentlig tilsidesatt. Fordelene ved å gi dispensasjon skal være klart større enn ulempene. ... Ved dispensasjon fra loven og forskriften til loven skal det legges særlig vekt på dispensasjonens konsekvenser for helse, miljø, jordvern, sikkerhet og tilgjengelighet.*»

Ei telemast er eit infrastrukturiltak som gir samfunnsnytte i form av betre mobildekning og kapasitet. Med dårleg mobildekning i området i dag ser Vestre Slidre kommune samfunnsnyttan som så stor, at ein ikkje ser det som noko alternativ å avslå bygging av ei mast. Vurderinga i denne saka går på alternativ plassering og høgde av masta.

### Plassering:

Masta må plasserast slik at ho gir dekning til område som har dårleg dekning i dag. Dekning og fri sikt korrelerer, difor må ei mobilmast nødvendigvis bli synleg. Vidare bør ei mast, mop. kostnader og andre inngrep, ligge inntil veg og medføre kort avstand for framføring av elektristet.

Telenor nabovarsla eit tiltak i november 2021. Då var tenkt plassering ca 400 m lenger mot nordaust, heilt inntil Sonjavarden. Det kom mange protestar mot denne plasseringa då Sonjavarden er eit minnesmerke, eit turmål og eit utgangspunkt for turar.

Det er sett på fleire alternativ nordover frå Sonjavarden, men desse er ikkje gått vidare med. Det skuldast at Telenor og grunneigar der ikkje har kome fram til avtale. Nokre av alternativa er også vurdert til å ligge for nær eksisterande hytter og gi for store nabo-ulempar.

Omsøkt plassering er ved det høgaste punktet av Kvislavegen, der den går ned att mot Syndin-vatna. Plasseringa er såleis meir eksponert frå Syndin-området enn dei andre alternativa. Ein viser til vedlegget «Frisiktanalyse og google-maps-bilete». Det gir eit inntrykk av eksponeringa ved omsøkt plassering.

### Høgde av masta

Søkar uttalar at det ikkje gir vesentleg dårlegare dekning for dei om dei set opp ei mast på 24 m i staden for den omsøkte på 36 m. Men det er slik at kvar teleoperatør vil legge beslag på ca 5 m av masta. Eventuelle konkurrentar som vil etablere seg med sendar i masta vil ved ei mast på 24 m måtte etablere seg frå ca 19 m og nedover. Då blir dekninga fort dårlegare og ein kan kome i den situasjonen at det blir behov for nye master. Ut frå prinsippet om likebehandling kunne neppe kommunen avslå det. Vurderinga er at det gir mindre inngrep med ei mast på 36 m enn to master på 24 m.

### Andre konflikter

Vi har køyrt analyse mot temadata i det offentlege kartgrunnet (DOK). Analyserapporten avdekkar ingen konflikter i høve kjente data om jordvern, naturmangfald, kulturminne, geologiske ressursar eller naturfare. Det er såleis eksponeringa som er konflikta i saka.

### Prosess

Det er ikkje vanleg å utarbeide reguleringsplanar for slike tiltak og ein ser det ikkje som føremålstenleg å køyre ein reguleringsplanprosess. Men tiltaket er med si eksponering eit tiltak som berører mange. I tillegg til at sender ut saka til relevante offentlege instansar og Vestre Slidre hytteforening, inviterer vi til breiare medverknad gjennom å annonsere i lokalavisa og å legge ut ein artikkel på kommunens heimeside.

Etter at saka no har vore ute til høyring blir ho lagt fram for formannskapet til vedtak. Formannskapet vil då vurderer om dei vil fatte vedtak sjølv eller fremje ei innstilling til kommunestyret. Formannskapet eller kommunestyret sitt vedtak blir kunngjort og kan påklagast.

### **Tilråding før høyring**

Kommunedirektørens tilråding før saka no blir lagt ut til høyring er at det blir gitt dispensasjon for oppføring av 36 m høg mast på Gamle Vardehøgde som omsøkt. Tiltaket har stor samfunnsnytte og positiv konsekvens for sikkerheit. Kommunedirektøren finn at omsøkt plassering og høgde gir minst ulemper i høve nytten.

### **Uttaler**

Vi ber om at uttaler til saka og behandlingsmåten blir framført skriftleg. Vanlegvis er det tre veker merkadsfrist på ei dispensasjonssak, men grunna tiltaket sitt omfang og sommarferien utvidar vi til åtte veker. Uttalefristen er såleis sett til **12. august 2022**.

Med helsing

Knut Frode Framstad  
arealplanleggjar

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendt utan underskrift.